

Arkivkode: L32
Saksmappe: 2023/700
Sakshandsamar: Janine Freyboth
Dato: 14.09.2023

SAKSFRAMLEGG

Utval sak	Utval	Møtedato
40/23	Kommunestyret	26.09.2023

Namnesak 2015/14 i Tysnes kommune

Innstilling frå rådmannen

Rådmannen rår til at skrivemåten til adressenamn vert vedteken med dei innarbeide endringane frå stadnamnsak 2015/14.

Kommunestyret sin behandling av sak 40/2023 i møte den 26.09.2023:

Framlegg i møte

Øystein Dalland Skrivemåten til adressenamn vert vedteken med dei innarbeide endringane frå stadnamnsak 2015/14, med unntak av 1123 Indre Veevegen og 2007 Veestølen.

Behandling

Representanten Skartveit (KrF) la fram rådmannen sin innstilling som framlegg til vedtak.

Ordføraren sette fram framlegg til vedtak i samsvar med innstilling frå rådmannen opp i mot framlegg til vedtak frå representanten Dalland (Sp).

Framlegget frå representanten Skartveit (KrF) fekk 4 røyster (MHS, AM, AMF, EMS)

Framlegget til representanten Dalland (Sp) fekk 17 røyster.

Framlegget til representanten Dalland vart vedteke.

Vedtak

Skrivemåten til adressenamn vert vedteken med dei innarbeide endringane frå stadnamnsak 2015/14, med unntak av 1123 Indre Veevegen og 2007 Veestølen.

Saksutgreiing

I sak PS 47/15 har kommunestyret den 22.09.2015 gjort vedtak om adressenamn til 25 vegar og 39 område i Tysnes kommune.

I samband med handsaming av desse namna har kartverket reist namnesak 2015/14 for ein rekkje stadnamn, naturnamn og gards- og bruksnamn.

Adressenamn som avleidde namn må følgje den stavemåten som blir vedtatt for primærnamn i stadnamnsaka. Iverksetting av adressenamn som inneheld namn som er råka av denne namnesaka måtte difor setjast på vent.

Den 06.12.2022 har kartverket gjort vedtak om skrivemåten av nokre stadnamn i Tysnes kommune med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn. Vedtak om skrivemåten vart sendt direkte til dei grunneigarane som har klagerett og kunngjort den 19.04.2023. Vedtaket vart ikkje påklaga og er endeleg.

For avleidde adressenamn der primærnamn har vore handsama i formell namnesak etter stadnamnlova, må kommunen gjere nytt vedtak om skrivemåten, før dei kan førast i matrikkelen og sjølve vegadresse tildelast.

Tidlegare vedtak av den 22.09.2015 må for følgjande adressenamn endrast slik:

adressekode	tidl. vedtak KS	endring i samsvar stadnamnsak
1123	Indre Veevegen	Indre Vevegen
1132	Dalsgårdsvegen	Dalsgårdsvegen*
2007	Veestølen	Vestølen
2010	Stora Godøy	Stora Godøy*
2011	Vesla Godøy	Vetla Godøy
2012	Natavik	Natavik*
2015	Teistøyo	Teistøy
2016	Flatøyo	Flatøy
2017	Koløyo	Koløy

2022	Sandsøya	Sandsøy
2023	Vatterøya	Vattarøy
2024	Seløyo	Seløy
2025	Midtøyo	Midtøy
2027	Todløyo	Tolløy
2032	Bårdsund	Bårdsund*
2035	Fortøyo	Fortøy
2037	Nordre Hopsund	Nordre Hopssund
2038	Litla Vernøyo	Litla Vernøy

Namn som er markert med * er uendra.

Vedlegg

- 1 Vedtak-KS 22.09.2015
- 2 Vedtak i namnesak 2015/14 Kartverket 06.12.2022
- 3 Namnelista_vedtak sak 2015-14